

Hundre appelsinar og ein fiolin

Daniel fann fort ut to ting om det å spele fiolin: Det var vanskeleg. Og det gjorde vondt. Men ikkje eingong når det gjorde vondt, vart det fint å høyre på. Det høyrdest ut som om dei hadde fått ein sjuk katt i huset. Daniel vart sint. Faren var redd Daniel skulle gi opp. Han lokka med det eine og det andre for at Daniel skulle øve.

Så begynte faren å fortelje historier. Dei handla om at ein ikkje måtte gje seg. Etter kvart handla alle historiene om ein mann som heitte Ludwig van Beethoven. Han vart fødd for lenge sidan i ein by som heitte Bonn.

Bånn i bøtta, tenkte Daniel.

Med ein gong Daniel kneip auga saman og ynskte fiolinen til Bloksberg, starta faren å fortelje om Ludwig. Daniel kjente på dei ømme fingertuppene, kneip auga saman og talte til ti. Men då han opna auga att, låg fiolinen der framfor han som før.

Så bestemte han seg for å klare det likevel.

Han ville spele så bogen fauk over strengane. Fort. Men først måtte han lære.

Faren viste han korleis han skulle halde fiolinen, og korleis han skulle føre bogen. Etter kvart vart melodiane lengre og finare.

Ein dag henta faren ei sliten fiolinkasse. Han tok ut ein fiolin. «Det er min gamle», sa faren. «Prøv den. Du er stor nok til den no.»

Oppgåver:

Sjå Elevbok 4B side 97.

Gjer oppgåvene 1, 2, 4, 6, 7, 8, 9 og 10.

